

Protokoll styremøte 03.03.2021

Dato: 03.03.2021

Kl: 18.00

Stad: Digitalt møte på teams

Sakliste

Saker:

1. Godkjenning av protokoll fra forrige møte, jf. vedlegg 1
Forsvunne. Har vorte liggande på ein pc som har gått i søpla.
2. Økonomisk oversikt pr. 03.03.2021
Rundt 1,1 millionar på bok. Ikkje starta å krevje inn kontigent mm. For treningsavgift/medlemskap.
3. Tolhomrennet, kven kva kor?
Ragnhild har liste med oppgåver. Litt seint å bestille premiar/medaljar. Har vi liggande på klubbhuset? Gjennomføre rennet. Usikkert om me kan servere mat. Kan ikkje ha kontantar. Dele ut maten gratis? Økonomien er grei, så vi har råd. Ingrid kan sjekke om me har medaljar liggande. Eivind høyrer med Åsulv Horverak ang. Utdeling av mat om dette er greit mtp smittevern. Praktiske ting tar vi etterkvart. Kjøper sykkel, og trekk ut i frå startnummera.
4. Skirenn 2021
Ikkje aktuelt. For lite snø. Må droppast dersom det ikkje kjem påfyll. Ser litt etterkvart. Skal vi byrje å sjå på andre moglegheiter for trasear. Eksempel tangen osv. Tar skirenn ad-hoc dersom det kjem snø.
5. Ljosarmatur til ljosløypa på Heistad
Total ny løype vil koste 1,2 millionar. Å bytte armaturar, men behalde ledningsnett, stolpar osv. Så vil det koste i området 3-400 000. Torgeir undersøker tilskotsordning for å evt. Bytte ut kvikksølvlamper. Tar det opp på neste møte.
6. Fotballgruppa - trenerkabal
Orientering v. Leif S: Widar har måtte sagt frå seg sitt verv. Kim Andre har tatt over delar av arbeidet. Inge Olav har ei stor gruppe, som går greit foreløpig. Må nok få inn noken i tillegg, men tar det som det dukker opp.
7. Samarbeid med kommunen og KCK
KCK ynskjer å gjere noko meir ut av Color Line. Marknadsføre Bygland som sykkelhovudstaden i Setesdal. Styret er samla positive til å vere med på dei aktivitetane

som vert løfta fram i e-post frå kommunen. Dreiar seg fort ein ein workshop eller ei arbeidsgruppe.

8. Spelemidlar til utstyr

E-post som har kome. Har så vidt vi veit ikkje kjøpt noko i 2020. Innkjøpt noko utstyr til styrkerommet, men det kom i 2021.

9. Underlag i ridehall

Det har blitt nemnd av fleire at underlaget i hallen er dårleg. Det er fleire brukte (og gode) underlag frå bl.a. Grimstad og sørlandshallen. Gunhild til Jørund er eldsjel. Ingrid tar dette vidare.

10. Hestemiljøet i Bygland

Ingrid har prata med Gunhild om å arrangere/drive noko rundt hestemiljøet i Bygland. Kanskje ikkje i år, men ho kan vere ein ressursperson framover. Styret er positive til dette.

11. Søknad om midlar til borneidretten

Ingrid undersøkar om det er noko som manglar. Kven som bestiller osv. Er ikkje så nøye, så lenge faktura kjem til idrettslaget.

12. Oversikt over utstyr og evt. Kjøp

Samanfell med andre punkt.

13. Kurs frå friluftslivakademiet

Kurshaldar frå friluftslivakademiet som kjem og skal halde kurs i korleis ein kan nytte naturen ifb. Med born og unge. Kostar 1600kr. Styret er positive til at nokon deltek. Camilla stiller seg positiv til å reise.

14. Status enduro

Orientering ved Eivind: Reguleringpanen er satt midlertidig på vent pga. Forslag om friviljug skogvern. Skal ha eit møte med Salve for å diskutere saken. Reguleringsplan er ferdig laga.

15. Årsmøte

Normalt innan 30. mars , frist utsett til 15 juni i år. Usikkerhet rundt kva som er regelverket rundt kor mange som kan møtast osv. Vert utsett til 27. April i år.

16. Eventuelt

Kontigent

Nytt system. Ein faktura til ein familie osv. Minidrett fungerer ikkje per dags dato. Dei jobbar med det. Må finne ei løysing på årsmøtet som fungerer med det nye systemet.

Status garasje på tangen:

Ikkje skjedd så mykje på ei stund. Fortsett når det vert varmare i vêret. Gruppa konsentrerar seg om å køyre løyper for tida.